

**- KUNNGJERING -**

**Høyring av melding og invitasjon til offentlig informasjonsmøte om Re Energi Kraftverk i Gloppen kommune**

NVE har fått ein melding frå Re Energi om bygging av Re Energi kraftverk i Storelva. Kraftverket vil gi ein årleg kraftproduksjon på 90 GWh. Meldinga med vedlegg er lagt ut på NVE si nettside: [www.nve.no/9049/V](http://www.nve.no/9049/V) . Dokumenta er også lagt ut til offentlig gjennomsyn på Servicetorget i Gloppen kommune.

Alle som har meiningar om saka kan uttale seg. Fråsegner kan sendast til oss elektronisk via nettsida, per e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) eller per post til NVE, Energi- og konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Merk brev eller e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202305721. Frist for å sende fråsegn er **21.05.2024**.

**NVE inviterer til eit offentlig møte om saka i Breimshallen, E39 , 6 , 6827 Breim, tysdag 07. mai 2024 kl. 19:00. På møtet vil NVE orientera om saksbehandlinga av meldinga, og Re Energi AS vil orientera om planane og forslag til utgreiingsprogram. Det vil også vera høva til å stilla spørsmål til NVE og Re Energi. Møtet er ope for alle.**